



Referat

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Bakken Barnehage
Dato: 18. mai 2017
Tid: kl. 18.00
Møtenr.: 4/2017

Møtet startar med orientering og omvisning i barnehagen kl. 18.00.:

Styrrar ynskter soknerådet velkomen til Bakken barnehage. Ho informerte oss om opptak, bemannings-situasjonen og korleis dei arbeidar med det kristne innhaldet i barnehagen. Barnehagen har gode søkjartal, gode og nok tilsette og økonomien er bra sjølv om dei ikkje har overskot dette året.

Saksbehandlinga tek til kl. 18.30.

Faste medlemmer som har møtt:

Namn	Funksjon
Helga Olsen Aadland	Leiar N.B. Ord for dagen
Gunnvald Aarbø	Medlem
Terje Havro	Medlem kom kl. 18.30
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Rasmus Fitjar	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Olav Oma	Medlem

Forfall:

Navn	Funksjon
Sigrid Marie Fangel	Nestleder
Harald Rydland	Kyrkjeverje

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
Peder Rygg Drønen	Nestleder
Friedleif Lydersen	Vara for soknepresten, møtte pga sak 17/17

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem

Tilhører:

Anne Marie Røed kom kl. 18.25. Soknerådet tillet henne å kome fram med nokre erfaringar i henhold til sak 17/17 og og sak 22/27.



Sakliste:

Saksnr.	
S-17/17	Konfirmant- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden, temadrøfting
S-18/17	Gudstenesteliste 2. halvår 2017
S-19/17	Offerliste for 2. halvår 2017
S-20/17	Arrangement i kyrkja sin regi
S-21/17	Godkjenning av referat
S-22/17	Meldingssaker
S-23/17	Open post

S-Sak 17/17: Konfirmant- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Behandling i Soknerådet 18. mai 2017

Kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen orienterte om Ten-treff, som kyrkja samarbeider med IM om. Dei har hatt møte kvar fredag etter ynskje frå ungdomane, og dei vil arrangera to samlingar i løpet av sumaren. Godt oppmøte, men treng fleire hjelparar og aktivitetar for jenter. Kyrkjelydspresten har nedprioritert KRIK, men vil ta kontakt om eit nærare samarbeid.

Konfirmantarbeidet har hatt leir i Etne og samtalegudsteneste med konfirmantfest før konfirmasjonen. Alt har gått vel, men grunna kyrkja sin økonomi skal ein vurdere eigen konfirmasjonsleir på Solgry neste år sidan leiren i Etne er så dyr, sjølv om den er særst bra. Kyrkjelydspresten vil ta dette opp igjen i eit seinare møte når oppsummeringa av årets konfirmasjon er gjort meir grundig.

Vedtak (samrøystes):

Soknerådet har hatt samtale omkring temaet og vart orientert om saka.

S-Sak 18/17: Gudstenesteliste 2. halvår 2017

Framlegg til vedtak:

Soknerådet sluttar seg til gudstenestelista for 2. halvår 2017 slik den ligg føre.

Behandling i Soknerådet 18. mai 2017

Sokneprest Olav Oma orienterte om gudstenestelista. «Lys vaken» er flytta frå adventt til saman med Kode B si gudsteneste i januar. Soknerådet ynsker ei utegudsteneste i juli dersom det vert mulig. Forslag å ha den i Kråko.

Vedtak (samrøystes):

Soknerådet sluttar seg til gudstenestelista for 2. halvår 2017 med dei endringane som kom fram i møtet.

S-Sak 19/17: Offerliste for 2. halvår 2017

Framlegg til vedtak:

Soknerådet sluttar seg til lista over kyrkjeoffer for 2. halvår 2017 slik den ligg føre. Ordninga med at kyrkjelyden sjølv skal ha 10 % av alle kollektar som vert teke opp til andre organisasjonar held fram.



Behandling i Soknerådet 18. mai 2017

Sokneprest Olav Oma orienterte om kyrkjeoffer for 2. halvdel 2017. Soknerådet ynskte at offeret 10.09.17 skal spesifiserast at det gjeld kyrkjelydsarbeidet for barn og unge og at offeret 19.11.17 skal gå til kyrkjelydspresten. Dermed er det to sundager utan spesifisert offer, som kan nyttas dersom det vert endringar eller kan bestemast seinare.

Vedtak (samrøystes):

Soknerådet sluttar seg til lista over kyrkjeoffer for 2. halvår 2017 med dei endringane som kom fram i møtet. Ordninga med at kyrkjelyden sjølv skal ha 10 % av alle kollektar som vert teke opp til andre organisasjonar held fram.

S-Sak 20/17: Arrangement i kyrkja sin regi

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Behandling i Soknerådet 18. mai 2017

Det vart ei fin samtalegudsteneste og fest. Foreldra frå fjorårets konfirmantar laga ein fin fest, så ordninga fungerer godt. Passe med program. Sjølve konfirmasjonsgudstenesta var bra, men deltakelse i fellessongen var dårleg. Bør vurderast å ha forsangarar på konfirmasjonsgudstenestene.

Det møtte mykje folk til 17. mai gudstenesten.

Det vert gospelmesse laurdag 20. mai 2017 med sokneprest Olav Oma.

Måndag i neste veke kjem 100 barnehageborn til kyrkja, medan skuleborna kjem tysdag og onsdag for å feira kyrkja si 150 års jubileum.

Vedtak (samrøystes):

Soknerådet har gått gjennom arrangement i kyrkja sin regi som både har vore og som kjem.

S-Sak 21/17: Godkjenning av referat

Framlegg til vedtak:

Soknerådet godkjenner referatet frå møte den 30. mars 2017.

Behandling i Soknerådet 18. mai 2017

Der vert påpeika feilskrivning av namn i sak 15/17.

Vedtak (samrøystes):

Soknerådet godkjenner referatet frå møtet den 30. mars 2017 med dei endringane som kom fram i møtet.

S-Sak 22/17: Meldingssaker

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Søknad til kommunen om større tilskot

Medlemmer frå Sokneråd og Fellesråd har hatt møte med rådmann om kommunen sine plikter i forhold til kyrkja. No ventar ein på kva kommunestyret vedtek. Formannskapet har behandla søknaden.



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

2. Plassering av gammalt kyrkjeinventar
Det står lagra ein del gammalt kyrkjeinventar, som vert teke ned i kyrkja når skulane kjem på besøk. Ein ynskjer at det skal verta meir tilgjenge for publikum, difor vil ein plassera det på galleriet etter at skuleborna har vore her.

Vedtak (samrøystes):

Soknerådet tek meldingane til orientering

S-Sak 23/17: Open post

Ingen innmelde saker.

Signering:

Sekretær

Leiar